



RADØY KOMMUNE

Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET	
02. JAN 2008	
Saksnr.	07, 4072-72
Arkivnr.	

Dykkar ref.

Vår ref.
07/875-3/07/7435//LTA

Dato:
Manger: 28.12.2007

UTGREIING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA - INNSPEL FRÅ RADØY KOMMUNE

Vi viser til dykkar brev av 15.11.2007.

Radøy formannskap har handsama spørsmåla i brevet dykkar i møte 18.12.2007, sak 107/07, og samrøystes vedtatt å koma med følgjande svar/innspele frå Radøy kommune:

Spørsmål 7. Har kommunen en kystsoneplan eller er det sett i gang arbeid med en kystsoneplan?

Svar: Det er arealdelen i kommuneplanen til Radøy kommune som styrer arealbruken i våre sjøområde. Radøy kommune har som mange andre kommunar i Hordaland bestemt å ha ein "plan for kysten" saman med kommuneplanen sin arealdel. Land og sjø må sjåast i ein samanheng, og det er difor heilt naturleg å samordna desse i ein felles plan. Arealforvaltinga og bruken av sjøområda er nøye analysert og vurdert tidlegare, og vår eksisterande kommuneplan sin arealdel byggjer m.a. på ein tidlegare kystsoneplan. Radøy kommune har i tillegg vore med i eit pilotprosjekt med å kartleggja vårt marine biologiske mangfald.

Spørsmål 8. Hvordan er kunnskapsgrunnlaget og kompetansen knyttet til planlegging i kystsonen?

Svar: Radøy kommune vurderer at kunnskapsgrunnlaget og kompetansen til planlegging i kystsona er høg i vår kommune. Me har fleire sakshandsamarar innafor arealforvalting som har gode kunnskapar på havbruk, fiskeri, rekreasjon og miljørelaterte spørsmål. I tillegg har både administrasjonen og det politiske miljø god kontakt med næringsinteresser og andre brukarar av kystsona. Mange innbyggjarar driv og med tradisjonelt heimafiske.

Spørsmål 9. Opplever kommunen at det foreligger interessekonflikter om bruken av kystsonen, og er knapphet på kystareal et problem for videre utvikling av næringsvirksomhet i kommunen?

Svar: Radøy kommune ser at det føreligg interessekonfliktar i bruken av kystsona, men vil understreka at folk på kysten her er vande med å ta omsyn og respektera næringsinteresser, men og andre brukarinteresser som nyttar aktivt kystsona vår.

Det er ingen tvil om at kystsona/sjøareal som kan brukast til dømes til havbruksnæringa og andre næringar i tilknytning til kystsona er ein avgrensa ressurs i våre område i dag. Til dømes er havbruksnæringa stor på våre kantar og omsyn til avstand mellom anlegg, resipienttilhøve og andre brukarinteresser gjer at dette er eit problem for vidare utvikling av denne næringa i

kommunen. Strandsona er og ei avgrensa ressurs og dei mange brukarane av denne og sjøområda omkring gjer at det er mange omsyn og vurderingar som vert gjort før ein avgjer korleis ein skal nytta kystsona vår framover. Arealet i kystsona er utan tvil vorte ein "knapphet" for ulike typar sjørelaterte næringar sin vidare utvikling i vår region. Det er også ein stor oljerelatert industri i vår region som sjølv sagt nyttar strandsona og sjøarealet på mange måtar, og i eit stort omfang.

Spørsmål 10. Kan det begrunnes en særskilt betaling til kommunene for bruk av areal i kystsonen, og vil i så fall en slik betaling kunne bidra til bedre tilrettelegging av areal og reduksjon av mulige konflikter om bruk av arealet?

Svar:

Ei særskild betaling til kommunane for bruk av areal i kystsona, kan sjåast på som ein parallell til vasskraftkommunar som får økonomisk kompensasjon for areal lagt ut til kraftproduksjon. Dette har også konsekvensar for miljø, ålmenta og andre næringar i kommunen, t.d. reiselivsnæringa.

~~Ei årleg betaling til kommunen (arealavgift) vil vera med å rettferdiggjera og synleggjera overfor innbyggjarane våre at lokalsamfunnet får noko att for at det sjørelaterte næringslivet brukar vårt felles sjøareal, og dermed auka forståinga for næringsdrift i kystsona.~~


Det er viktig at det totale skatte- og avgiftstrykket for den sjørelatert næringa ikkje aukar med denne arealavgifta til kommunane. Det betyr at statens sine årlege inntekter frå den sjørelaterte næringa må ned, og kommunane sine årlege inntekter frå denne verdiskapninga må opp.

Spørsmål 11. Er det andre virkemidler som på en bedre måte kan bidra til å løse eventuelle konflikter knyttet til disponering av areal i kystsonen?

Svar:

Ei betaling for bruk av areal i kystsona, kan vera eit godt signal på lokal tilbakeføring av verdiskapinga i kystsona. Uansett må arealforvaltinga ta omsyn til at det er mange ulike brukar- og miljøinteresser i kystsona, så økonomisk kompensasjon til kystkommunane må ikkje gå ut over miljø og helse. Alle konflikter kan ikkje løysast, men økonomisk kompensasjon kan redusera dei. Radøy kommune vil avslutta med å støtta synet til styreleiar Ole-Eirik Lerøy i Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening (FHL) som er positivt innstilt til ei arealavgift. Som representant for næringa, uttrykkjer han at tilgang på areal er avgjerande for at norsk oppdrettsnæring skal kunna veksa vidare. "Leigeinntekter frå fjordane kan stimulera kommunane til å leggja til rette for meir oppdrett" seier han.

Med helsing



Leif Taule
ass. rådmann